



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Husbanken
Postboks 824 Bedriftssenter

3007 DRAMMEN

Dykkar ref

Vår ref
08/2536-1 BEE

Dato **16 JAN 2009**

Tildelingsbrev for 2009

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2009, jf. Budsjett-innst. S. nr. 1 (2008-2009), Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar, tilsegnfullmakter og låneramme for Husbanken i 2009. Det blir òg gjort greie for kva for inntekter som blir føresette i budsjetterminen, og kva for satsingsområde og mål som skal gjelda for verksemda i Husbanken i 2009. Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at verksemda blir vidareført.

Husbanken har ansvar for å informera departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Husbanken skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I. Mål og resultat i bustadpolitikken for 2009
- II. Andre føringar frå departementet
- III. Budsjettildeling for 2009
- IV. Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V. Relevante dokument

I. MÅL OG RESULTAT I BUSTADPOLITIKKEN FOR 2009

Husbanken skal arbeida for å nå dei bustadpolitiske måla. Husbanken har eit særleg ansvar for å hjelpa kommunane med busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden. Den bustadsosiale politikken skal ha fyrsteprioritet i verksemda i 2009, jf. hovudmål 2.

Husbanken skal prioritera følgjande satsingsområde for 2009:

- Sikra effektiv implementering, opplæring og informasjonsarbeid for det nye regelverket for bustøtte
- Sikra at fleire kommunar disponerer eit formålstenleg tal bustader til vanskelegstilte, som i større grad enn i dag speglar dei faktiske behova
- Fremja kunnskap og auka bruk av bustadløysingar som er universelt utforma og som har miljøkvalitetar

Det er utarbeidd eit nytt system for mål- og resultatstyring av Husbanken. For kvart hovudmål er det formulerte arbeidsmål, som er dei operasjonelle styringsmåla for Husbanken. For kvart arbeidsmål er det styringsparameter, som det skal rapporterast på. Under enkelte av arbeidsmåla vil det òg vera krav til tilleggsrapportering. All rapportering må, så langt det er mogleg, relaterast til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering. Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa gjev eit bilete på graden av måloppnåing. Ein oppsummerande rapporteringskalender finst i vedlegg 1. Departementet vil streka under at dei hovudområde og styringsparametrane som kjem fram i dette brevet, ikkje er uttømmende for kva Husbanken skal arbeida med.

HOVUDMÅL 1: EIN VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD

Husbanken skal ha fokus på og kunnskap om velfungerande bustadmarknader i heile landet. Målet er at det blir bygd eit tilstrekkeleg tal bustader med berekraftige kvalitetar til ein rimeleg pris.

Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren

Husbanken skal i 2009 arbeida vidare med å henta inn statistikk frå SSB og andre for å få ein stadig betre oversikt over situasjonen på bustadmarknaden. For å sikra best mogleg kunnskap om marknaden, skal data frå Husbanken koplast opp mot eksterne data.

Departementet viser til at Husbanken i 2008 gjennomførde ei kartlegging av omfanget av problema med såkalla låginnskottsbustader og andre burettslagsbustader med høg kvadratmeterpris. Husbanken blir bedd om å setja av ressursar for å kunna hjelpa til med eventuelle oppfølgingstiltak etter at kartlegginga er gjennomført.

Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet

Husbanken skal ha fokus på bustadmarknaden i heile landet. Dette gjeld særleg i tider der den private kredittmarknaden kan vera fråverande i enkelte distrikt. Husbanken skal ha ei aktiv rolle i desse distrikta slik at ein får god finansiering og der.

I kommunar med betydeleg fråflytting skal Husbanken finansiera utbetring av eksisterande bustadmasse som alternativ til nybygging. Utbetring av eksisterande bustader kan vera både meir samfunnsøkonomisk lønsamt og medføra mindre risiko for den einskilde.

HOVUDMÅL 2:

AUKA BUSETJING AV VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN

Hovudmål 2 skal ha høgast prioritet i Husbanken i 2009. Primæroppgåva til Husbanken er å leggja til rette for at kommunane, som er den sentrale gjennomføraren av bustadpolitikken, kan utføra jobben på ein heilskapleg og effektiv måte. I arbeidet med å utvikla bustader for vanskelegstilte skal miljøomsyn og universell utforming integrerast så langt som mogleg, der det er formålstenleg og relevant.

Viktige føresetnader for å lukkast i dette arbeidet er:

- Samspel mellom økonomiske, juridiske og kompetansehevande verkemiddel.
- Samarbeid med andre aktørar som for eksempel KS, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsforvaltinga, friviljug sektor, interesseorganisasjonar, forskingsinstitutt og fleire.

Politikkområdet under hovudmål 2 grensar til andre planar som regjeringa har utarbeidd. Følgjande dokument er relevante:

- Handlingsplan mot fattigdom, jf. vedlegg til St.prp. nr. 1 (2008-2009) Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarbefolkninga og Mål for inkludering, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009) Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- Opptrappingsplanen på rusfeltet, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009) Helse- og omsorgsdepartementet
- Nasjonal strategi for å redusera sosial helseulikskap, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009) Helse- og omsorgsdepartementet
- Handlingsplan mot tvangsekteskap, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009) Barne- og likestillingsdepartementet
- Ot.prp. nr 44 (2007-2008) Om lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne

Arbeidsmål 2.1: Auka førebygging og avskaffing av bustadløyse

Regjeringa ynskjer å førebyggja og avskaffa bustadløyse. Husbanken skal medverka til å nå målet. Føringane frå tildelingsbrevet for 2008, om eit spesielt fokus på framskaffing av varige bustadløyser, skal vidareførast. I 2009 skal arbeidet intensiverast.

Saman med relevante aktørar skal Husbanken arbeida for at:

- personar som blir lauslatne frå fengsel eller utskrivne frå institusjon har eit godt butilbod
- vanskelegstilte ungdom får hjelp til å skaffa seg ein bustad med naudsynt oppfølging
- bustadlause blir tilbode mellombelse bustader som blir sett i samanheng med meir langsiktige bustadløyser, der naudsynt oppfølging er ivaretatt
- akutt plassar blir gjeve ei verdig utforming og at dei berre blir nytta i kortvarige periodar
- ingen skal opphalda seg meir enn tre månader i mellombelse butilbod

Departementet viser til ein auke i talet på utkastingar og tvangssal i 2008.

Departementet ber Husbanken om å undersøkje utviklinga, årsaker til utviklinga og særleg få eit bilete av kven dette gjeld og kva for situasjon dei er i etter utkasting/tvangssal. Situasjonen bør vidare vurderast opp mot tilgjengelege verkemiddel.

Husbanken skal fortsetja å støtta prosjekt som har mål om å redusera talet på krav om utkasting og gjennomførte utkastingar.

Departementet viser til kartlegginga av bustadlause i november 2008. Husbanken skal følgja opp kommunar som har store utfordringar med bustadløyse, både gjennom å vera ein fagleg støttespelar og ved hjelp av dei økonomiske verkemidla. Eit verkemiddel kan vera å etablera samarbeids- og intensjonsavtalar med einskilde kommunar som blir sikra ein meir heilskapleg oppfølging. Desse kommunane bør forplikta seg til å bidra med eigne ressursar og kompetanse slik at fleire vanskelegstilte får tilbod om langsiktige bustadløyser.

Evalueringa av strategien "På veg til eigen bustad" syner at barnefamiliar er ei av fleire målgrupper i arbeidet mot bustadløyse, jf. NIBR-rapport (2008:15). Evalueringa finn ikkje indikasjonar på at det er mange barnefamiliar som står i fare for å bli eller er bustadlause. Barn er likevel ei sårbar gruppe. Husbanken skal ha eit særleg fokus på sårbare barnefamiliar, og i sine vurderingar bruka funn frå mellom anna kartlegginga av bustadlause.

Departementet ber Husbanken om å utarbeida eit notat som beskriv erfaringane som Husbanken har i forhold til korleis kommunane følgjer opp lov om sosialteneste, meir bestemt § 3-4 om bustader til vanskelegstilte og § 4-5 om mellombelse opphald. Notatet

må vera basert på kontakten Husbanken har med kommunane i deira arbeid med å busetja vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Rapporteringskrav:

- Undersøkinga om utviklinga av utkastingar og tvangssal, og mellom anna årsaker til utviklinga. Frist for vurderingar frå Husbanken og rapporten er sett til 1. juni 2009.
- Plan for korleis Husbanken vil følgja opp kommunar som har store utfordringar med bustadløyse, jf. kartlegginga av bustadlause. Frist til departementet er 1. april 2009.
- Husbanken skal oversenda rapport om resultatane frå kartlegginga av bustadlause i november 2008 og eigne vurderingar om måloppnåing. I vurderingane frå Husbanken skal situasjonen for utsette barnefamiljar inngå. Frist til departementet er 1. mai 2009.
- Notat om erfaringane Husbanken har i forhold til korleis kommunane følgjer opp lov om sosiale tenester i forhold til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Notatet skal oversendast departementet innan utgangen av mai 2009.

Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane

Arbeidsmålet er nytt frå og med 2009. Oppgåvene Husbanken har med å styrkja den bustadsosiale kompetansen i kommunane, er likevel ikkje nye. Husbanken har eit betydeleg ansvar som støttespelar for kommunane til å betra deira føresetnader for å løysa dei bustadsosiale utfordringane. Utfordringane krev at kommunane har innsikt i ulike og komplekse problemstillingar. Husbanken skal leggja til rette for kompetanseheving gjennom erfaringsutveksling, tilskot til utviklingstiltak og gjennom faglege konferansar. I tillegg skal Husbanken i aukande grad nytta ei strategisk tilnærming til kommunane.

Den strategiske tilnærminga til kommunane skal vera basert på ei systematisk oversikt over kommunane som har dei største utfordringane på bustadmarknaden og med levekårutfordringar. Husbanken blir difor bedd om å etablere eit metodisk verkty som baserer seg på indikatorar om kommunane i deira bustadsosiale arbeid. Gjennom ein målretta innsats, særleg med hjelp frå kompetansetilskotet, skal Husbanken auka den bustadsosiale kompetansen i kommunane. Dette er eit satsingsområde som Husbanken skal rapportera på til departementet.

Som ei oppfølging av undersøkinga om årsaker til svak tilvekst av kommunalt disponerte bustader, jf. rapport frå Econ Pöyry (2008-096), skal Husbanken i 2009 støtta kommunane i deira arbeid med bustadsosiale handlingsplanar. Særleg viktig er det at desse planane blir knytte opp til andre overordna kommuneplanar. I dialogen med kommunane skal Husbanken ha fokus på tverretatleg samarbeid og forankring i kommuneleiinga.

Husbanken skal arbeida for at den bustadsosiale opplæringa blir intensivert, både ved opplæring frå regionkontora til den einskilde kommune, kurs og i aktuelle

fagutdanningar. I tillegg til kompetanseheevande tiltak for tilsette i kommunen, skal det bli utvikla nye tiltak retta mot friviljug sektor og i relevante brukarorganisasjonar.

Mange kommunar har ikkje god nok oversikt over omfang og kva for behov vanskelegstilte på bustadmarknaden har. Desse kommunane har difor ikkje godt nok grunnlag til å vurdera kva tiltak som er naudsynte. Husbanken skal fortsetja å prioritera arbeidet med å utvikla dataverkty som kommunane kan nytta for å få betre oversikt over den bustadsosiale situasjonen, jf. Dokument 3:8 (2007-2008) frå Riksrevisjonen.

Departementet viser til NIBR-rapport (2008:13) om samspelet mellom bustøtte, startlån og bustadtilskot. Ei av anbefalingane i rapporten er å etablera eit betre sakshandsamingssystem for kommunane slik at forvaltinga av ordningane blir betre. I 2009 skal Husbanken utvikla modellar og berekningsverkty som vil gjera det enklare for sakshandsamarar i kommunane å nytta dei forskjellige ordningane effektivt. I same rapport blir det gjeve fleire anbefalingar. Departementet ber Husbanken vurdera desse anbefalingane og eventuelt foreslå endringar overfor departementet.

Departementet ber Husbanken om å vurdera om startlånet er eit formålstenleg verkemiddel for å dekkja depositum i leigeforhold. Innspelet må ta omsyn til kva for endringar desse krev i forskrift og retningsliner.

Undersøkinga som Riksrevisjonen har gjort av tilbodet til vanskelegstilte på bustadmarknaden, viser at ein betydeleg del av kommunane ikkje handsamar søknadar om utleigebustader som eit forvaltingsvedtak. Kommunane må følgja forvaltingslova og Husbanken må i sin kontakt med kommunane leggja opp til dette.

Departementet viser til innspel frå Husbanken til regjeringa si utarbeiding av handlingsplan for rom i Oslo. Husbanken blir bedd om å gjennomføra ei kartlegging av buforholda til denne gruppa. I dag er det lite kunnskap om bustadpreferansane til rom, kva for bu- og inntektsforhold dei har og trekk ved deira busetting.

Rapporteringskrav:

- Vurderingar frå Husbanken om korleis verksemda sikrar ei strategisk tilnærming til kommunane gjennom eit systematisk metodisk verkty. I rapporteringa må Husbanken òg synleggjera korleis kompetansetilskotet blir nytta i dei ulike regionane. Frist til departementet er 2. tertial 2009.
- Framdrifta på nytt sakshandsamingssystem for kommunane for dei økonomiske verkemidla. Frist for ferdigstilling er sett til 1. januar 2010.
- Arbeidet med å utvikla systematisk oversikt over dei vanskelegstilte på bustadmarknaden. I dette arbeidet skal Husbanken ta med i vurderinga Dokument nr. 3:8 (2007-2008) frå Riksrevisjonen.
- Vurderingar frå Husbanken på om startlån bør/kan nyttast til depositum ved private leigeforhold. Frist til departementet er 15. april 2009.

- Kartlegginga av buforholda til rom i Oslo. Husbanken skal i oversendinga av kartlegginga, gje sin vurdering av resultatata og foreslå eventuelle tiltak for vidare arbeid. Fristen er sett til 31. desember 2009.

Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane

Arbeidsmålet er nytt frå og med 2009. Vanskelegstilte på bustadmarknaden er ei mangfaldig gruppe, og kommunane må difor forholde seg til eit breitt spekter av bustadløysingar. Ved bruk av dei økonomiske verkemidla, og gjennom dialog og kompetanselyft, skal Husbanken medverka til auka bustadsosial aktivitet i kommunane.

Bustøtte

Departementet viser til St.prp. nr. 11 (2008-2009) Ei styrkt bustøtte som ligg til behandling i Stortinget. I 2009 skal Husbanken gjera dei tilpassingane som blir kravd før igangsettinga, både når det gjeld systemtilpassingar, endringar i regelverket og informasjon til målgruppene. Husbanken skal vidare gje naudsynt opplæring til kommunane om det nye regelverket.

Det nye regelverket i bustøtta skal følgjast opp med ny lov og forskrift. Departementet ber Husbanken om å avsetja ressursar for å bidra i dette arbeidet.

Departementet viser til NIBR-rapport (2008:13) om samspelet mellom verkemidla. I rapporten er det gjort analysar av samspelet, og når ulike grupper ved hjelp av bustøtte og etableringstilskot kan få startlån. Departementet ber Husbanken om å gjera nye analysar som viser kva for effekt nytt regelverk i bustøtta har for desse gruppene.

Startlån

Saman med KS skal Husbanken styrkja kontakten med kommunane og særleg leiinga i kommunane. I fyrste halvår 2009 skal Husbanken saman med KS gjennomføra 6 regionale konferansar der målgruppa er ordførarar og rådmenn. Eit av punkta på dagsorden skal vera tal for bruk av dei bustadsosiale ordningane.

Startlånet er ei viktig ordning i økonomiske nedgangstider. Ordninga kan nyttast til nyetablering i bustadmarknaden, men òg til refinansiering av eksisterande lån. Startlånet skal ha høg prioritet innanfor låneramma.

Husbanken blir vidare bedd om å vurdere nye tiltak som kan gjera det enklare for ungdom å etablere seg i eigen eigd bustad. Startlån er eit viktig verkemiddel for å få til ei slik etablering. Husbanken blir bedd om å vurdere om ordninga er god nok, eller om det er behov for endringar i ordninga for å sikra betre måloppnåing.

Husbanken blir bedd om å gjera greie for ein eller fleire modellar som bidrar til at personar som i dag er i leigemarknaden, kan få moglegheit til å byggja eigen bustad. Dette skal skje gjennom eit samarbeid mellom Husbanken, kommunen og

bustadbyggjarar. Målet er reduserte byggjekostnader, som igjen kan føra til at fleire får moglegheit til å byggja eigen bustad.

Husbanken blir òg bedd om å vurdere om dei såkalla "shared ownership" eller "right to buy"-ordningane som er utvikla i Storbritannia, kan vera tenlege verkty i Noreg for å hjelpe ungdom til å kjøpa eigen bustad. Departementet viser til oppdraget som Husbanken har gjeve til NIBR om å undersøkje ulike liknande modellar.

Kommunane fastset kva slags rentekontraktar på startlånet som blir tilbode lånemottakarane. Mange kommunar tilbyr sine lånemottakarar berre same rentetilbod som dei sjølv har på innlånet frå Husbanken. Husbanken skal arbeida for at dei som mottok startlån skal få same valfridom med omsyn til rentetilbodet som andre kundar har i Husbanken. Husbanken må vurdere arbeidet i lys av dei behova som er for sikring. Dette kan vera at Husbanken utbetaler ramma til kommunen i fleire bolkar, med sikte på at kommunane kan gje låntakarane valfridom av renteavtale.

Bustadtilskot til utleigebustader

Mange kommunar har for få og for lite passande utleigebustader, jf. tal frå KOSTRA, NIBR-rapport (2008:15), Dokument 3:8 (2007-2008) frå Riksrevisjonen og Econ Pöyry rapport (2008-096). Både bustøtte og bustadtilskot er verkemiddel for å få fleire utleigebustader i kommunane. Ved tildeling av tilskot til utleigebustader skal Husbanken be om ei vurdering frå kommunane om korleis tilskotet vil bidra til at bustadmassen utviklar seg i ei ynskt retning. Ved utmåling av tilskot i dei einsskilte prosjekta, skal Husbanken mellom anna ta utgangspunkt i utgifter og inntekter knytt til bustadinvesteringa.

Husbanken skal i tildelinga sjå på forholdet mellom statlege tilskot og utviklinga i talet på disponerte utleigebustader til den aktuelle kommunen. Husbanken bør sjå på delen av dei totale driftsutgiftene som går til bustadformål. Departementet vil understreka at det er viktig å få eit godt og nyansert bilete på utviklinga i den aktuelle kommunen. Eit resultatmål i 2009 er nettotilvekst av kommunalt disponerte bustader på nasjonalt nivå. Vidare vil ny bustøtte vera viktig i arbeidet med å skaffa fleire bustader for kommunane, jf. målet til regjeringa om 1500 fleire kommunalt disponerte utleigebustader.

Dei bustadsosiale verkemidla

Husbanken blir bedd om å halda fram med det gode samarbeidet til IMDi. Innsatsen til dei to verksemdene skal vera samordna, både i forhold til dei økonomiske verkemidla og gjennom auka bustadsosial kompetanse. Arbeidet dreiar seg mellom anna om rettleiing, informasjonsmateriell, erfaringsutveksling og pilotprosjekt. Målet er at tilgjengelege verkemiddel blir synleggjort slik at incentiva for busetjing av flyktningar aukar.

Departementet viser til at dei fleste kommunane som har etablert NAV-kontor, har valt å inkludera dei bustadsosiale verkemidla i desse. Det er derfor viktig at Husbanken arbeider aktivt mot arbeids- og velferdsforvaltinga, og styrkjer samarbeidet til Arbeids- og velferdsetaten og kommunane. Husbanken blir bedd om å ta initiativ til eit fellesmøte mellom leiinga i Arbeids- og velferdsdirektoratet, KS og Husbanken for å samarbeida godt om bustadsosialt arbeid.

Arbeidet med å etablere fleire krisebustader for unge som står i fare for eller har blitt utsett for tvangsekteskap, vil bli vidareført i 2009, jf. handlingsplanen mot tvangsekteskap. Det vil særleg bli lagt vekt på å etablere butilbod for gutar og unge par.

Husbanken har i 2008 leidd arbeidet med rapporten "Botrygghet ved avvikling av husleieregulering i Oslo 01.01.2010". Departementet vurderer forslaga i rapporten og kan koma til å be Husbanken om å vurdere alternative modellar i 2009.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal i 2009 starta ei evaluering av kva for effekt det nye bustøtteregulverket har for å sikra ein høveleg bustad til dei med låge inntekter og høge buutgifter. Evalueringa skal best mogleg gje svar på kva for effekt bustøtta har for dei nye brukargruppene, for etablering av nye utleigebustader i kommunane, og for personar som ynskjer å etablere seg i eigen bustad. Evalueringa skal ferdigstillast innan utgangen av mai 2010.
- Relevante indikatorar for utviklinga i bruken av bustøtte. Indikatorane skal seia noko om kva for grupper som får bustøtte, og samanhalda bruk av bustøtte med mellom anna utviklinga i tilbodet av utleigebustader. Frist til departementet er 1. mai 2009.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse for implementering av nytt regelverk i bustøtta. Husbanken skal rapportera avvik i forhold til framdrift for iverksetting av ny bustøtte til departementet.
- Analysar av verkemidla til etablering i eigen bustad for ulike målgrupper, gjeve det nye regelverket for bustøtte. Departementet ber Husbanken sjå hen til NIBR-rapport 2008:15 om samspelet mellom verkemidla og analysane som der blei nytta. Frist til departementet er 1. tertial 2009.
- Vurderingar frå Husbanken på årsaker til at dei økonomiske verkemidla i stadig mindre grad nyttast til personar med nedsett funksjonsevne, jf. statistikk frå Husbanken. Frist til departementet er 1. tertial 2009.
- Vurdering og tilråding frå Husbanken i arbeidet med å gjera det enklare for ungdom å etablere seg i eigen eigd bustad. Frist til departementet er 15. november 2009.
- Forslag til ein eller fleire modellar som vil føra til at fleire personar som i dag er i leigemarknaden kan få moglegheit til å byggja eigen bustad. Frist til departementet er 15. juni 2009.

- Vurdering og tilråding frå Husbanken om dei såkalla "shared ownership" eller "right to buy"-ordningane som er utvikla i Storbritannia. Frist til departementet er innan 1. halvår 2009.

**HOVUDMÅL 3:
BYGGJEPROSESSEN SKAL VERA GOD OG EFFEKTIV**

Husbanken har ingen nye oppgåver under dette hovudmålet.

**HOVUDMÅL 4:
FLEIRE MILJØVENNLEGE OG UNIVERSSELT UTFORMA BUSTADER OG BYGG
PÅ ATTRAKTIVE STADER**

Regjeringa har som mål å stimulera til at bustader, bygg og bygde omgjevnader har berekraftige og varige kvalitetar. Difor blir det satsa på å styrkja tiltak og verkemiddel som reduserer energibehovet i bygg, omlegging til bruk av fornybar energi og meir universell utforming. Gjennom informasjon, økonomiske verkemiddel og kunnskapsoppbygging og -formidling skal Husbanken i 2009 fremja slike berekraftige kvalitetar. Dette vil vera ei primæroppgåve for Husbanken under dette hovudmålet.

Husbanken skal setja krav til miljøkvalitet og universell utforming i tildeling av lån og tilskot der det er relevant.

Politikkområdet under hovudmål 4 grensar til andre planar som regjeringa har utarbeidd. Husbanken bør ha kjennskap til følgjande dokument:

- Stortingsmelding om miljøvernpolitikken til regjeringa og miljøtilstanden i riket (Miljøverndepartementet 2008-2009)
- Handlingsplan for fornybar energi (blir lagt fram sommaren 2009)
- Handlingsplan for arkitekturpolitikken (blir lagt fram oktober 2009)
- Ot.prp. nr 44 (2007-2008) Om lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne
- Ot.prp. nr 45 (2007-2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (byggesaksdelen)

I tillegg gjer departementet merksam på at det er under utarbeiding ein ny tverrdepartemental handlingsplan for universell utforming og auka tilkomst. I denne planen vil bygg og uteområde vera to sentrale område for satsing. Departementet viser òg til ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009-2012. Denne blir lagt fram tidleg i 2009.

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvennlege bustader og bygg

Husbanken skal fortsetja å auka kunnskapen om passivhus og andre miljøvennlege bustader og bygg, og aktivt bruka låne- og tilskotsordningane slik at talet på miljøvennlege bustader og bygg aukar.

Sommaren 2009 blir ein ny tverrdepartemental miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren (2009-2012) lagt fram. Departementet ber om at Husbanken set av ressursar til å samarbeida med departementet og Statens bygningstekniske etat om ferdigstillinga og oppfølginga av planen.

Departementet ber òg om at Husbanken følgjer opp det seksårige samarbeidsprogrammet Framtidas byer som Miljøverndepartementet har teke initiativ til, mellom anna gjennom deltaking i nettverksgruppa for stasjonær energi. Satsinga på Lavenergiprogrammet skal trappast opp, og departementet ber difor om at Husbanken aukar sin støtte til programmet. Husbanken skal samarbeida med Enova om enøk-tiltak i hushald, jf. klimaforliket. I 2009 skal Husbanken vidareføra tilskotet og samarbeidet med Byggemiljø og Statens bygningstekniske etat.

Husbanken skal, der det er formålstenleg, innarbeida krav til miljøomsyn i finansieringsordningar som Husbanken forvaltar, og som er knytte til investeringar i bustadmarknaden. Det gjeld òg bustader for vanskelegstilte der dette er formålstenleg. Husbanken skal ha eit enda sterkare samarbeid med kommunane og inngå intensjonsavtalar med fleire aktørar i bustad- og byggjesektoren. Husbanken skal stimulera til etterspørsel etter miljøvennlege bustader frå privatkundar, skapa publisitet rundt vellukka prosjekt og bruka økonomiske verkemiddel til å fremja miljøkvalitetar. Husbanken skal støtta kunnskapsoppbygging om miljøomsyn i byggjenæringa, og følgja opp samarbeidet med undervisningsinstitusjonar og andre aktørar innan forskning og utvikling.

I løpet av 2009 skal forslag til ny teknisk forskrift på høyring. Nye krav skal etter planen tre i kraft 1. januar 2010. Departementet ber om at Husbanken og Statens bygningstekniske etat samarbeider om å utarbeida forslag til kvalitetskrav utover minstekrav som kan stillast i samband med tildeling av grunnlån i Husbanken.

Rapporteringskrav:

- Ei beskriving av prosjekt som har fått kompetansetilskot til miljøtiltak, med spesiell vekt på lavenergi og passivhus. Frist til departementet er 2. tertial 2009.
- Utvikling av statistikk om miljø- og energivennlege bustader og bygg. Rapporteringa skal både innehalda egen statistikk og vurderingar av behov for ekstern statistikk frå for eksempel SSB, Kartdata og KOSTRA. Frist til departementet er 3. tertial 2009.
- Vurderingar om kva effekt intensjonsavtalane har for måloppnåinga under arbeidsmål 4.1. Frist til departementet er 2. tertial 2009.

- Notat med forslag til minstekrav ved tildeling av grunnlån. Frist til departementet er 1. september 2009.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Husbanken skal, saman med Statens bygningstekniske etat, auka medvitet og kompetansen om universell utforming. Ny tverrdepartemental handlingsplan for universell utforming og auka tilkomst, skal leggjast fram i 2009. Departementet ber Husbanken om å bidra til utarbeiding og oppfølging av denne. Det skal i samband med planen introduserast eit nytt program for informasjon om universell utforming retta mot kommunar, fylkeskommunar, byggje- og eigedomsnæringa og publikum. Husbanken skal saman med Statens bygningstekniske etat, etablera programmet og bidra med finansiering av programmet. Husbanken skal òg bidra i vidareføringa av andre relevante tiltak.

Husbanken skal støtta opp om prosjekt som bidrar til auka kunnskap om universell utforming.

Husbanken skal i 2009 bidra til ei betre oversikt over og kunnskap om status for universell utforming i bustader, bygg og uteområde, mellom anna gjennom utvikling av nye og betre indikatorar og statistikk.

Departementet viser til at det i 2008 vart øymerka 5 mill. kr til prosjektering av heis i eksisterande bustadbygg under kap. 581 post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader. Denne øymerkinga skal vidareførast i 2009, og føremålet skal utvidast til òg å gjelda bygging av heisar i slike bygg. Unytta øymerka midlar frå 2008 skal overførast til 2009, og nyttast til prosjektering og bygging av heis.

Rapporteringskrav:

- Ei beskriving av prosjekt som har fått kompetansetilskot til tiltak som fremjar universell utforming. Frist til departementet er 2. tertial 2009.
- Ei oversikt over eksisterande statistikk og forslag om ny og betre statistikk for universell utforming i bustader, bygg og uteområde. Frist til departementet er 2. tertial 2009.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Husbanken skal fortsetja arbeidet med områdedelyft. Departementet viser særleg til utviklingsarbeidet i Groruddalen. I samarbeidet med andre statlege, kommunale og lokale aktørar, må det leggjast vekt på å bidra til eit heilskapleg perspektiv. Det må undervegs takast ei vurdering av effekten av dei tre hovudstrategiane, i høve til dei økonomiske og administrative ressursane som vert allokerte. Husbanken skal bidra til det felles statlege og kommunale arbeidet som er på gang med å utvikla indikatorar for evalueringa av effekten av Groruddalsatsinga, og i sjølve arbeidet med evalueringa.

Husbanken skal styrkja samarbeidet med andre statlege aktørar, kommunar og fylkeskommunar om å stimulera til god byggjeskikk og godt bumiljø. Programmet BLEST, BoLyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder, skal vidareførast. Husbanken får tildelt 6 mill. kr til arbeidet i 2009. BLEST er primært ei regionalpolitisk satsing og eit viktig ledd i departementet sitt arbeid med å utvikla attraktive småbyar og tettstader.

Programmet blir finansiert over kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikken. Husbanken skal gjennom BLEST medverka til utvikling av velfungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn til nytte for folk og næringsliv. Husbanken skal samarbeida med fylkeskommunane om dei konkrete lokale prosjekta som BLEST støttar.

Husbanken skal sørgja for at den nye juryen for Statens byggjeskikkpris kan gjera eit godt arbeid, og vidareføra innsatsen på same nivå som i 2008. Vinnarbeløpet for Statens byggjeskikkpris vert sett til kr 200 000. Departementet vil at Husbanken legg større vekt på profilering av Statens byggjeskikkpris. Vi ber mellom anna om at Husbanken kvart år utarbeider ei utstilling over vinnarprosjekt og dei nominerte prosjekta. Utstillinga må kunna setjast opp i foajeen i regjeringsbygg 5. I samband med profileringa må det gå fram at departementet er ansvarleg for prisen.

2009 er Kulturminneår. Departementet ber Husbanken bidra til markering av Kulturminneåret gjennom arbeidet med byggjeskikk og i samband med aktuelle prosjekt som får støtte gjennom kompetansetilskotet.

Rapporteringskrav:

- Rapportering på tilskotet kap. 581, post 74 kan bli gjort i tråd med dei rapporteringsrutinane som er fastsette i Groruddalsatsinga.
- Departementet ber om at Husbanken gjev ein kortfatta rapport om BLEST-programmet årleg med frist 15. mai. Rapporten skal innehalda ei oversikt og kort omtale av aktivitetane i programmet, med informasjon om mellom anna omfang, geografi og samarbeidsaktørar.

HOVUDMÅL 5: EFFEKTIV OG BRUKARORIENTERT FORVALTING

Arbeidsmål 5.1: Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Regjeringa la fram forslag til ny husbanklov i Ot.prp. nr. 6 (2008-2009). Departementet ber Husbanken om å setja av ressursar for å bidra i oppfølging av lovendringane.

Husbanken skal utvikla modellar og berekningsverktøy som vil gjera det enklare for sakshandsamarar i kommunane å bruka dei forskjellige ordningane effektivt.

Husbanken skal modernisera den gamle tekniske plattformen og utvikla eDialog-løysingar. Departementet viser mellom anna til rettleiar frå Senter for statleg økonomistyring (SSØ) om samfunnsøkonomisk analyse og gevinstrealisering av IKT-prosjekt.

Arbeidsmål 5.2: Effektiv løysing av forvaltings- og driftsoppgåver

Husbanken skal styrkja arbeidet med budsjettering av løyvingane på budsjettpostane. Det skal gjevast grundige vurderingar for endringane og ei god omtale av aktivitet og forbruk på den einskilde post. Målet er ei realistisk budsjettering. Det er eit resultatkrav at avvika i statsrekneskapen skal vera minimale. Innspel til departementet om avvik og endringar skal gje gode beskrivingar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane. Krava i løyvingsreglementet skal følgjast.

Alle tilsegn skal registrerast på ein måte som gjev eit godt bilete på aktiviteten gjennom heile året. Husbanken skal ha status for postane tilgjengelege for departementet, og oversenda desse ved behov.

Husbanken er ein av pilotane i arbeidet med å prøva ut periodisk rekneskap for statlege verksemdar. Departementet ber Husbanken om å vidareføra dette arbeidet. Det blir vist føringane frå tildelingsbrevet for 2008. Departementet vil kalla inn til eit møte i løpet av våren 2009 der SSØ, Husbanken og departementet vil delta. Møtet skal handla om korleis ein kan få utarbeidd relevant styringsinformasjon om prioriterte oppgåver i Husbanken ut ifrå rekneskapen. Målet på sikt er å få fleire nøkkeltal som kan nyttast i styringsdialogen.

Departementet ber Husbanken om å slutføra moderniseringa av IKT-systemet for bustøtte. Vidare ber departementet om at nytt regelverk for bustøtta blir implementert i formålstenleg tid før iverksettinga 1. juli 2009.

Rapporteringskrav:

- Plan for verksemda i 2009. Frist til departementet er 1. kvartal 2009.
- Arbeidsmiljøundersøking. Frist til departementet er 1. januar 2010.
- Vurderingar frå Husbanken om tapsekponeringa på dei ulike låneordningane. Desse vurderingane skal synleggjerast i tertialrapporteringa.

II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Kommunikasjon og informasjon

Husbanken skal bruka informasjon som eit strategisk verkty der omsyn til aktuelle målgrupper blir ivaretatt. Informasjonsarbeidet skal vera aktivt og støtta opp under dei strategiane som gjeld for verksemda og dei gjevne retningslinene for kommunikasjonsarbeid i staten.

Informasjon bør bli gjeven til dei aktuelle mottakarane så tidleg som mogleg, og Husbanken må ha ein strategi for korleis nå fram til målgruppene og gjennom dei informasjonskanalane som kommunane har sjølve.

Husbanken skal orientera departementet i god tid før offentleggjering av utgreiingar som Husbanken har ansvaret for. I tillegg til å vurdere utgreiingane fagleg, ber departementet Husbanken om å gje sin vurdering av om utgreiingane er av politisk interesse og eventuelt på kva måte.

Departementet legg til grunn at Husbanken har etablerte rutinar for når departementet skal bli orientert om saker som kan bli store/vanskelege/kontroversielle i media. Husbanken skal ha etablert tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del.

Departementet ber Husbanken om å kontakta departementet for avklaring i saker der politisk leiing kan vera ein del av den konkrete synleggjeringa.

Internasjonalt arbeid

Husbanken skal følgja med på trendar og utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Utviklinga i EU og dei nordiske landa står særleg sentralt, jf. mellom anna handlingsplanen for gjennomføring av Europapolitikken.

UN-Habitat held sitt 22. styremøte (Governing Council) fyrste veka i april. Kommunal- og regionaldepartementet vil saman med Utanriksdepartementet representera Noreg. Husbanken kan få oppdrag i førebuingane og gjennomføringa av norsk deltaking. Departementet viser til at Noreg ved Husbanken har tatt ansvaret for å arrangera eit seminar om bustadløyse i Europa i Oslo i 2009. Dette er eit ledd i oppfølginga av ministermøte i UNECE sin komité for Bustad- og landspørsmål i 2006. Husbanken skal halda departementet orientert om førebuinga av arrangementet.

UNECE har starta eit prosjekt som skal sjå nærmare på energisparing og energieffektivitet i bustader. Departementet ber Husbanken om å delta i arbeidet.

Husbanken skal ved behov hjelpa departementet i saker om EU/EØS.

FOU

Alle forskingsrapportar som blir oversendte til departementet, skal inkludera eit notat der Husbanken gjev sine vurderingar og tilrådingar. Notatet skal oversendast i forkant av offentliggjerung av rapportane.

Husbanken har ansvaret for å setja i gang ei rekkje forskings- og utviklingsprosjekt kvart år. I 2009 ynskjer departementet at Husbanken innkallar departementet til to møte der relevante prosjekt blir presenterte og fagleg drøfta.

Risikostyring og internkontroll

Departementet er kjent med at Husbanken har etablert rutinar for risikovurderingar i verksemda, og at dette arbeidet blir integrert i det generelle oppfølgingsarbeidet internt. Departementet ber om at Husbanken utarbeider ein årleg risikoanalyse. Denne analysen skal vera eit grunnlag for risikovurderingane i tertialsrapporteringa til styringsmøta. Departementet viser til rettleiar om risikostyring i staten (SSØ).

Husbanken skal ha ein god internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikra at fastsette mål og resultatkrav blir følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir drive i samsvar med god forvaltningsskikk, gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomireglementet for staten.

Riksrevisjonen har sendt Husbanken eit avsluttande revisjonsbrev med merknader for statsrekneskapa for 2007. Merknadane handlar om manglande etterleving av regelverket for offentlege kjøp, habilitetsproblematikk, mangelfull risikovurdering i samband med kompetansetilskotet og manglande evaluering av nytteeffekt. Departementet ber Husbanken om å ta merknadane til etterretning og gjera dei naudsynte endringane slik at merknadane blir ivaretatt.

Departementet ber Husbanken om å kunngjera tilskotsordningane. Siktemålet er at alle ordningar skal vera kjente, og at alle i målgruppa skal ha dei same føresetnadene for å søkja om tilskot. Vidare viser departementet til regelverket for offentlege anskaffingar. Husbanken skal følgja regelverket.

III BUDSJETTILDELING FOR 2009

I tillegg til Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og St.prp. nr. 1 (2008-2009), viser departementet til forskrifter og retningslinjer for bustøtta og låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar.

Følgjande utgifter og inntekter blir stilt til disposisjon for Husbanken i 2009:

Utgifter

Kap.	Post		Sum i 1 000 kr
241		Den Norske Stats Husbank	
2			
	1	Driftsutgifter	305 000
	45	Større utstyrsframskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 000
	72	Rentestøtte	18 000
	90	Lån til Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	10 298 000
552		Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	
	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling, <i>kan overførast</i>	6 000
580		Bustøtte	
	70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	2 887 600
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	74	Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling	43 000
	75	Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, <i>kan overførast</i>	658 600
	78	Kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	57 000
582		Skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg	
	60	Rentekompensasjon - Skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	930 000
	61	Rentekompensasjon - Kyrkjebygg, <i>kan overførast</i>	105 400
586		Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar	
	63	Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 796 900
	64	Investeringsstilskot, <i>kan overførast</i>	279 400

Inntekter

Kap.	Post		Sum i 1 000 kr
5312		Den Norske Stats Husbank	
	1	Gebyr m.m.	18 800
	90	Avdrag	9 186 000
5615		Renter frå Den Norske Stats Husbank	
	80	Renter	5 133 000

Tiltak som bidrar til å redusera bustadløyse skal ha fyrsteprioritet innanfor alle låne- og tilskotpostane.

Meirinntektsfullmakt

Husbanken kan i 2009 overskrida løyvinga under kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt under kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) romartalsvedtak II.

Oversikt over løyving, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2009

Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009). Det blir vist til romartalsvedtak IV for tilsegnfullmakter.

	(i mill. kr)		
	Løyving	Tilsegnfullmakt	Tilsegnsramme
581/75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader	658,6	204,3	703,3
581/78 Kompetansetilskot	57,0	86,4	93,2
586/64 Investeringsstilskot	279,4	642,6	522,0

LØYVING AV LÅNERAMME 2009

Husbanken er gjevne ei låneramme på 12 mrd. kr i 2009, jf. romartalsvedtak XI i St.prp. nr. 1 (2008-2009).

Startlånet skal ha fyrsteprioritet innanfor låneramma i 2009. Startlånet skal vera eit godt verkemiddel for at unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunna skaffa seg ein eigen bustad. Grunnlånet skal fremja kvalitetar som universell utforming og miljø, både gjennom utbetring av eksisterande bustader og bygging av nye.

Frå 2009 skal Husbanken tilby lånekundane sine 20-års fastrente.

Gjennom lånefinansiering og rettleiing skal Husbanken medverka til etablering av nye heiltids barnehageplassar. Husbanken skal syta for god låneforvaltning og god vurdering av kredittrisikoen for denne låneordninga. I dei kommunane der dekningsgraden er god, skal Husbanken vera tilbakehalden med å finansiera prosjekt. Omsyn til miljø og universell utforming skal følgjast opp i samband med tildeling av lån.

Det blei hausten 2008 uro i den finansielle marknaden. Husbanken har over tid hatt låge tap på sine utlån. I 2009 ber departementet Husbanken om å ha eit skjerpa og auka fokus på tapsutviklinga på alle låneordningar, jf. styringsparameter under hovudmål 5. Vidare må Husbanken varsle umiddelbart dersom ein ser ei uønskt utvikling. Departementet ber spesielt om at tapsfonda til startlån i kommunane blir nøye følgd opp i 2009.

KAP. 2412 ADMINISTRASJONSBUDSJETTET TIL HUSBANKEN

Post 1 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Husbanken skal ha ein effektiv administrasjon. Prioriteringane som blir gjevne gjennom tildelingsbrevet skal i størst mogleg grad reflektera ressursbruken på administrasjonsbudsjettet.

Husbanken skal i 2009 ferdigstilla prosjektet "Modernisering av bustøttesystemet". Husbanken må gjera naudsynte tilpassingar i systemet slik at ein mest mogleg effektivt kan innføra det nye regelverket for bustøtte, som skal tre i kraft 1. juli 2009.

KAP. 552 NASJONALT SAMARBEID FOR REGIONAL UTVIKLING

Post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, kan overførast

Departementet viser til omtale om BLEST under arbeidsmål 4.3 *Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø*. Husbanken blir i 2009 tildelt 6 mill. kr som skal gå til å støtta opp om satsinga. Departementet ber Husbanken om å etablera retningslinjer for den delen av tilskotsordninga som er retta mot BLEST.

KAP. 580 BUSTØTTE

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Departementet viser til St.prp. nr. 1 (2008-2009) og St.prp. nr. 11 (2008-2009), og innstillingane til desse proposisjonane frå Stortinget. Frå 1. juli 2009 skal eit nytt regelverk i bustøtta tre i kraft. Det nye regelverket er oppsummert i vedlegg 3.

Husbanken skal foreslå justering av satsane for rimeleg buutgift for bustøtta. Forslaget om justering av satsane skal vera innanfor løyvinga på ordninga, og skal godkjennast av departementet.

Departementet viser til innføring av månadlege vedtak og unntak for transportavtalar som er inngått med kommunane før 1. september 2007. Dei gjenståande avtalane skal bli fasa ut på naturleg vis.

KAP. 581 BUSTAD- OG BUMILJØTILTAK

Post 74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, kan overførast

Løyvinga skal i sin heilskap rettast mot satsinga som regjeringa har i Groruddalen.

Post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, kan overførast

Tilsegnsramma for 2009 er 703,3 mill. kr. Til dekking av tilsegn gjeve i 2007 og 2008, og tilsegn som vil bli utbetalt i 2009, blir det gjeve ei løyving på 658,6 mill. kr. Tilsegnfullmakta er i 2009 204,3 mill. kr.

Bustadtilskot til utleigebustader skal ha fyrsteprioritert innanfor ordninga i 2009, og eit resultatkrav i 2009 er at ein skal gje tilsegn om minimum 1500 utleigebustader, jf. omtale under hovudmål 2, arbeidsmål 2.3. Husbanken kan òg sjå resultatmålet opp mot effekten av nytt regelverk i bustøtta.

Nedskrivingsperioden for bustadtilskot til etablering skal i 2009 aukast frå 10 til 20 år. Endringa skal medføra at ordninga kan nyttast mest mogleg effektivt slik at midla kan treffe dei husstandane som treng det mest. Departementet ber Husbanken om å sjå på effekten av tiltaket og utarbeida eit notat om korleis kommunane handterer oppfølginga av ny nedskrivingsperiode. Frist til departementet er innan 2009.

Departementet viser til at det i 2008 vart øymerka 5 mill. kr til prosjektering av heis under kap. 581 post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader. Denne øymerkinga på 5 mill. kr skal vidareførast i 2009, og føremålet skal utvidast til òg å gjelda for bygging av heis. Unytta øymerka midlar frå 2008 skal overførast til 2009, og nyttast til prosjektering og bygging av heis.

Post 78 Kompetansetilskot, *kan overførast*

I 2009 er det ei tilsegnsramme på 93,2 mill. kr på posten. Til å dekkja tilsegn gjeve i 2007 og 2008, og tilsegn som kjem til utbetaling i 2009, blir det gjeve ei løyving på 57 mill. kr. I tillegg blir det gjeve ein tilsegnfullmakt på 86,4 mill. kr.

I 2009 blir det sett eit resultatkrav om at minimum 70 % av tilskotet skal rettast mot bustadsosiale formål, jf. hovudmål 2 og arbeidsmål 2.2.

Husbanken skal finna indikatorar som fortel kva for effekt tilskota har for måloppnåing på dei ulike politikkkfelt. Husbanken skal rapportera på ordninga i kvart styringsmøte, der vidareutvikling av rapporteringsform kjem fram.

Departementet viser til den webbaserte basen som viser eit utval av dei prosjekta som har fått kompetansetilskot. Husbanken skal vidareutvikle denne slik at alle prosjekt blir innlemma i basen, at den er oppdatert og blir meir brukarvennleg. Fristen er sett til 1. tertial 2009.

Departementet viser vidare til at Husbanken allereie har fått ansvaret for å gjennomføra ei ekstern evaluering av heile tilskotet. Fristen er sett til 1. februar 2009, jf. tillegg til tildelingsbrev for 2008 av 3. juli 2008.

Departementet ber om at støtta til Noregs Velforbund blir vidareført. Det blir vist til tildelingsbrevet for 2005 om søknadsbehandling og rapportering.

KAP. 582 RENTEKOMPENSASJON FOR SKULE- OG SYMJEANLEGG OG KYRKJEBYGG (nytt kapittelnamn)

Post 60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg (nytt postnamn), *kan overførast*

Ordninga blir frå og med 2009 utvida og det blir tatt sikte på ei ny investeringsramme på 15 mrd. kr. Ramma skal bli fasa inn over åtte år, og 2 mrd. kr av desse skal fasast inn i 2009. Løyvinga på 930 mill. kr skal gå til å dekkja renteutgifter for den nye

investeringsramma i 2009 (62 mill. kr i halvårseffekt) og til å dekkja renteutgifter til dei 15 mrd. kr i investeringsramme som allereie er gjeve i perioden 2002-2007.

Kvar kommune og fylkeskommune har fått tildelt ei førebels maksimal investeringsramme som vil leggja grunnlaget for berekning av rentekompensasjon. Kommunane og fylkeskommunane må sjølve prioritera prosjekt innanfor den ramma dei er tildelt. Departementet viser til brev av 18. november 2008 frå Kunnskapsdepartementet til kommunane og fylkeskommunane.

Ordninga blir innført frå 1. januar 2009. Det er eit vilkår for utbetaling av tilskot at prosjekta er vedteke av kommunestyret eller fylkestinget. Ordninga omfattar òg prosjekt som blir ferdigstilte i løpet av 2009, men som er sett i gang tidlegare.

Ordninga omfattar òg offentlege symjeanlegg som skulen bruker i sin undervisning. Det er ikkje naudsynt at symjeanlegget er fysisk knytt til skuleanlegget.

Det er eit vilkår for tildelinga av tilskot at prosjekta kan reknast som tiltak av investeringsmessig karakter og finansierast med lån etter kommuneloven § 50. Utgifter og inntekter knytt til skole- og symjeanlegg skal først i tråd med gjeldande regler for budsjettoppstilling og rekneskapsføring.

Departementet ber om at det blir teke omsyn til miljø, energi og universell utforming i prosjekta når dette er relevant.

Departementet har revidert forskrifta for ordninga. Husbanken blir bedd om å gjennomgå sine retningslinjer for ordninga på bakgrunn av den reviderte forskrifta.

Post 61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Investeringsramma blir frå og med 2009 utvida med 800 mill. kr slik at den totale ramma blir 2,1 mrd. kr. Løyvinga på 105,4 mill. kr skal gå til å dekkja renteutgifter for den nye investeringsramma i 2009 (24,8 mill. kr i halvårseffekt) og til å dekkja renteutgifter knytt til tidlegare gjeve investeringsrammer.

Investeringsramma for 2009 kan òg omfatta prosjekt som blir ferdigstilte i løpet av 2009, men som er sett i gang tidlegare.

KAP. 586 TILSKOT TIL OMSORGSBUSTADER OG SJUKEHEIMSPASSAR

Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Løyvinga skal gå til å dekkja utgifter til renter og avdrag på lån til alle som har fått oppstartingsstilskot (post 60). Løyvinga er 1 796,9 mill. kr i 2009.

Post 64 Investeringstilskot, kan overførast

I 2009 er tilsegnssramma på 522 mill. kr, noko som skal bidra til etablering av 1000 nye omsorgsbustader og sjukeheimsplassar i 2009. Det blir gjeve ei løyving på 279,4 mill. kr på posten og ei tilsegnssfullmakt på 642,6 mill. kr. Departementet viser til romartalsvedtak nr. VII.

Dei maksimale tilskotssatsane er prisjusterte, og er 417 600 kr for omsorgsbustader og 624 400 kr for sjukeheimsplassar innanfor ein maksimal anleggskostnad på 2 088 mill. kr. Omsyn til miljø og universell utforming skal følgjast opp i samband med tildeling av tilskot.

Helsedirektoratet skal utarbeida ein samla årsmelding for Omsorgsplan 2015 som investeringstilskotet er ein del av. Departementet føreset at Husbanken utarbeider sin del av denne årsmeldinga i samarbeid med Helsedirektoratet.

ANDRE ORDNINGAR

Tilskot til studentbustader

Kunnskapsdepartementet vil i eit eige tildelingsbrev gje løyving til tilskotsordninga og føringar for arbeidet som Husbanken gjer med studentbustader.

IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Husbanken og departementet består hovudsakleg av styringsmøte og rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Dei seinare åra har det blitt gjennomført kvartalsvise møte med utgangspunkt i kvartalsrapportar. Departementet vil i 2009 redusera hyppigheita frå kvartalsvise til tertialvise møte.

Rapportering på måloppnåing i forkant til kvart styringsmøte, skal vera departementet i hende seinast den 10. i den andre månaden etter utløpet av rapporteringsperioden. Husbanken skal rapportera på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, anna rapporteringskrav og aktuelle styringsparametrar. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane og krav til rapportering. Departementet ber Husbanken om å merka seg at dette ikkje er ei uttømmande liste over kva som vil vera formålstenleg for Husbanken å rapportera på. Husbanken må i 2009 fortsetja arbeidet med å utvikla styringsparametrar som kan gje eit formålstenleg bilete på måloppnåinga. Departementet ber Husbanken om at rapporteringa og statistikken, så langt det lar seg gjera, blir fordelt etter kjønn. Husbanken skal òg rapportera på eventuell ulikskap.

Styringsmøtet 10. mars skal omhandla årsmeldinga og årsrekneskapan til Husbanken. Årsmeldingsmøte vil erstatta dei tidligare tilbakemeldingsbrev som departementet har sendt Husbanken. Årsmeldinga skal omtala resultatata i forhold til alle måla for

verksemda for 2008. Den endelege årsmeldinga skal vera departementet i hende seinast 1. kvartal 2009. Departementet vil syta for at den blir vidaresendt til Riksrevisjonen. I årsmeldinga skal Husbanken mellom anna omtala sjukefråværet og status for likestilling, jf. mal som ligg vedlagt tildelingsbrevet. Husbanken blir òg bedd om å rapportera på tiltak som er eller blir planlagt for å redusera sjukefråvær og fremjing av likestilling.

Som ein del av statstenesta, er Husbanken omfatta av etiske retningslinjer. Desse retningslinjene er meint å vera generelle rettesnorar som krev refleksjonar frå den einskilde tilsette. Retningslinjene er samla på Fornyings- og administrasjonsdepartementets sider:

<http://www.odin.no/fad/norsk/dok/regelverk/retningslinjer/050001-990256/dok-bn.html>. Departementet ber etaten om å omtala arbeidet i årsmeldinga.

Husbanken skal halda fram med å utvikla rapporteringa slik at ein i større grad vurderar graden av måloppnåing. Det skal gjevast gode analysar av status for arbeidsmåla. Husbanken må òg vurdere korleis statistikken over eigne ordningar kan gje eit betre bilete på kva målgrupper som er mottakarar av ordningane. Målstrukturen skal vera synleggjort i alle rapporterings- og styringsdokument slik at ein oppnår konsistens og samanheng. Vidare skal Husbanken leggja vekt på avvik frå forventa utvikling, og på høveleg vis fremja forslag til korrigerande tiltak. Avviksrapportering skal vera eit eget punkt i rapporteringa.

Husbanken skal i dei ulike budsjetttrundane gjennom året gje innspel til departementet. Tentative fristar kjem fram av vedlegg 2. Endelege fristar og opplegg for innspel vil departementet koma tilbake til i eigne brev.

Husbanken kan òg bli bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelda svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget, og ved enkeltsaker.

Departementet viser til tidlegare føringar i tildelingsbrev om felles oppgåver og saker for offentlege verksemdar. Dette arbeidet vidareførast i 2009. I tillegg viser departementet til vedlegg 4.

V. RELEVANTE DOKUMENT

- St.prp. nr. 1 (2008-2009) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009)
- St.prp. nr. 1 (2008-2009) Statsbudsjettet medregnet Folketrygden (Gul bok)
- St.meld. nr. 1 (2008-2009) Nasjonalbudsjettet 2009, jf. Budsjett-innst. S. I (2008-2009)
- St.prp. nr. 1 (2008-2009) Arbeids- og inkluderingsdepartementet, inkl. vedlegg
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Helse- og omsorgsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Justis- og politidepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Barne- og likestillingsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Miljøverndepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Kunnskapsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Kultur- og kyrkjedepartementet
- Reglementet for og bestemmningane om økonomistyring i staten
- Rettleiar frå Senter for statleg økonomistyring om evaluering av statlege tilskotsordningar

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg:

1. Opplegg for mål- og resultatstyring i 2009
2. Kalender for styringsdialogen i 2009
3. Forslag til nytt regelverk for bustøtta frå og med 1. juli 2009
4. Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Kopi til:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne- og likestillingsdepartementet
Finansdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Helsedirektoratet
Husleietvistutvalget i Oslo og Akershus
Kunnskapsdepartementet
Miljøverndepartementet
Riksrevisjonen
Statens bygningstekniske etat